



Viking gjorde stor stas på Bjørgulv Eik etter at han har vore supportaren deira i nesten 70 år.

Mandag fylte nestoren i Uskedal musikklag, Bjørgulv Eik, 87 år. Tirsdag var det som vanleg øving i bandet, og då vart sjølv sagt åremålet markert. Bjørgulv som er særdeles sportsinteressert, har vore ivrig tilhengar av fotbalklubben Viking i tett på 70 år. At klubben set pris på dette, viste dei tydeleg på markeringa tirsdag. Dei sette ein ekstra spiss på kvelden, ikkje berre for jubilanten, men også for resten av bandmedlemmene.



Bjarne Berntsen hadde ei flott personleg gratulasjonshelsing til Bjørgulv. Her framført via storskjerm.

Etter ei tre kvarters øvingsøkt samla bandmeldlemmene seg i eit klasserom. Som seg hør og bør opna bandets benjamin, Thor Inge Døssland, denne delen med å helsa og gratulera Bjørgulv med vel overstått 87 årssdag. Til slutt gav han ordet vidare til andre som ville bera fram helsingar, og då dukka tidlegare Idol-vinnar og no marknadssjef i Viking, Kjartan Salvesen, opp på storskjermen. Han bar fram gratulasjonshelsing til 87-åringen og avslutta med å invitera han til storkampen mot Rosenborg 24. november.

-Vi har veldig lyst, alle oss i Viking, å invitera deg til storkamp mot Rosenborg 24.november. Der har me lyst til at

du skal få sitta godt og se at Viking slår trønderane. Så viss du vil, så komme du på kampen og til slutt vil eg sei, gratulere med den store dagen, Bjørgulv.



[Lars Myklebust overrekkjer Vikingdrakt nr.87 til 87-åringen.](#)

Og det stoppa ikkje med det. Like etter dukka dagleg leiar i Viking Fotball, Eirik Henningsen, opp på skjermen med si helsing. Deretter kom kjente Viking-fjes på rekkje og rad med sine personlege gratulasjonshelsingar til den spreke 87-åringen. Dei gamle storspelarane, Svein Fjælberg og Thomas Pereira, sistnemnde med heile 428 A-lagskampar for klubben, hadde gode ord til Bjørgulv før helsingsssekvensen vart avslutta av hovudtrenar Bjarne Berntsen og kaptein Zlatko Tripic. Ut frå det dei sa, var det tydeleg at dei alle kjende til denne store lagsmannen og Viking-supportaren.



Per Myklebust, Svein A. Sunde og Leif Matre syns Bjørgulv kler Vikingdrakta veldig godt.

Etter dette var det klart for endå meir! Lars Myklebust overrekte ei Viking-drakt med autografar. Sjølv sagt var namnet trygt plassert på ryggen, og dei hadde funne det naturleg å gje han spelar nummer 87. Om overraskinga hadde brakt Bjørgulv til taushet først, kom no hans breiaste smil fram!

- Eg hadde veldig lyst å reisa til cupfinalen i Oslo, og var faktisk inne på tanken, men no vert dette ein kjempeerstatning, kommenterte mellom anna den trufaste supportaren.

Bjørgulv sitt kjærleiksforhold til Viking starta i 1950. 18 år gammal gjekk han då på Sunnhordland folkehøgskule, og han var då ein sær sars talentfull keeper. Ein Vikingtrenar kom til Halsnøy og hadde nokre treningar med laget der. Bjørgulv fekk vera med på desse. Dermed vart det gjort! Etter det har han som kanskje er den mest sportsinteresserte i musikklaget, vore heilfrelst Viking-tilhengar.

Uskedelingen Lars Johan Myklebust jobbar no i Viking medan faren, Lars, er trombonist i musikklaget. Dei to har vore heilt sentrale for å få til denne flotte markeringa for heidersmannen. Det vart også ei særdeles kjekk stund for resten av musikkjengen. Vi er veldig takknemlege overfor Viking som fulgte opp idéen på ein så fantastisk måte.

Heia Viking!!

Tekst, nett og foto: Thor Inge Døssland